



## Statens vegvesen

ABO Plan & Arkitektur AS  
Pb. 291  
5203 OS

Behandlande eining:  
Region vest

Sakshandsamar/innvalsnr:  
Unn Jenny Utne Kvam - 55516243

Vår referanse:  
2011/095394-026

Dykkar referanse:

Vår dato:  
12.09.2014

### **Vedrørende vegteikningar til reguleringsplan - gnr. 10 bnr. 85 m.fl. - Holme - Meland kommune**

Vi viser til e-post med vedlegg sendt 12.08.2014.

Vegløysingane som ligg i plankartet kan ikkje gjennomførast med dei breidder og hjørneavrundingar som er lagt til grunn.

Gang- og sykkelveg skal vere minst 3 meter brei. Krav til sikt mellom kryssande gang- og sykkelveg (figur 4.27 i V122 *Sykkelhåndboka*) og krav til minste horisontalkurveradius på gang- og sykkelveg kan ikkje ivaretakast med bakgrunn i planframlegget. Slik gang- og sykkelvegen er vist i tilknytning til undergangen vil drift og vedlikehald bli vanskeleg, og anlegget vil ikkje oppfylle krav til universell utforming.

#### Teikning F001 og F002

Busslomma er for smal. Den skal vere 2,75 + 0,25 m brei.

Fortausbreidde 2,5 meter er etter vår vurdering for smalt for å ivareta funksjonen til fortauet her. Breidda bør vere 3 meter.

Rekkverksrommet for køyresterkt rekkverk er 0,75 meter. Det må visast eige område for det i bakkant av fortauet langs køyrevegen.

Det bør også utarbeidast ei F-teikning som viser snitt gjennom fylkesvegen der undergangen er planlagt.

#### Plankart

Det bør innarbeidast høgdepåskrift i veg og frisisiktsoner knytt til fortau og gang- og sykkelveg.

Postadresse  
Statens vegvesen  
Region vest  
Askedalen 4  
6863 Leikanger

Telefon: 02030  
Telefaks: 57 65 59 86  
firmapost-vest@vegvesen.no  
Org.nr: 971032081

Kontoradresse  
Spelhaugen 12  
5147 FYLLINGSDALEN

Fakturaadresse  
Statens vegvesen  
Landsdekkende regnskap  
9815 Vadsø  
Telefon: 78 94 15 50  
Telefaks: 78 95 33 52

### Byggeteikningar for undergang

Vi ber ikkje om K-teikningar knytt til undergangen no, men vi vil gjere merksam på at slike teikningar skal godkjennast av Vegdirektoratet. Det må reknast med 6-8 veker sakshandsamingstid hos Vegdirektoratet i slike saker i samband med handsaming av byggeplan for veganlegg.

Vi gjer særleg merksam på at undergangar på gang- og sykkelveggar skal ha fri høgde på minst 3,1 meter og at avstanden mellom veggane skal vere minst 4 meter.

### Faseplanar

På dette tidspunktet i planlegginga er det sentrale at det vert sikra nok areal i samband med bygging av veganlegget. Vi har ikkje gått inn i detaljar i desse planane no. Det er avklaringar som vert gjort i samband med byggeplan.

Dersom de har spørsmål knytt til vurderingane i dette brevet, kan de kontakte Marian Dagfrid Barsnes tlf 55 51 64 57, [marian.dagfrid.barsnes@vegvesen.no](mailto:marian.dagfrid.barsnes@vegvesen.no).

Plan og forvaltning - Bergen  
Med helsing

*Sindre Lillebø*

Sindre Lillebø  
seksjonssjef

*Unn Jenny Utne Kvam*  
Unn Jenny Utne Kvam

Kopi: Meland kommune (e-post)



## Statens vegvesen

ABO Plan & Arkitektur AS  
v/ Bjørn Atle Drange  
Pb. 291  
5203 OS

Behandlande eining:  
Region vest

Sakshandsamar/innvalsnr:  
Unn Jenny Utne Kvam - 55516243

Vår referanse:  
2011/095394-034

Dykkar referanse:

Vår dato:  
05.12.2014

### **Framlegg til justering av planfri kryssing - Reguleringsplan - gnr. 10 bnr. 85 m.fl. - Holme - Meland kommune**

Vi viser til e-post mottaken 25.11.2014 og møte 19.11.2014.

Statens vegvesen meiner det kan arbeidast vidare med denne planen på bakgrunn av den tilsendte skissa. Vi er framleis uroa for at det vert planlagt ei for trong kryssløysing.

Det må utarbeidast justerte vegteikningar før vi kan ta standpunkt til detaljar i skissa. Som opplyst i møtet, er det særleg behov for å få fram kva som er planlagt sikt og horisontalkurvatur på gang- og sykkelveg, og at rekkverksrom over kulvert ikkje kjem i konflikt med frisiktzone. Vi ser også behov for å dokumentere at det er nok areal til å kombinere lehus og mur på sørsida av fv 564.

I referatet frå møtet 19.11. 2014, står det at vegvesenet trong meir tid til avklaringar når det gjeld overvatn. Vi har no fått avklara at det området driftssida hos oss vurderer å gjere tiltak i for å betre overvasshandteringa, ligg utanfor planområdet for denne reguleringsplanen. Per i dag ligg det derfor ikkje til rette for at vegvesenet vert del av ein utbyggingsavtale knytta til undergangen/kryssområdet.

Plan og forvaltning - Bergen  
Med helsing

*Sindre Lillebø*

Sindre Lillebø  
seksjonssjef

*Anne Marte Espelund*  
for Unn Jenny Utne Kvam

Kopi: Meland kommune (e-post)

Postadresse  
Statens vegvesen  
Region vest  
Askedalen 4  
6863 Leikanger

Telefon: 02030  
Telefaks: 57 65 59 86  
firmapost-vest@vegvesen.no  
Org.nr: 971032081

Kontoradresse  
Spelhaugen 12  
5147 FYLLINGSDALEN

Fakturaadresse  
Statens vegvesen  
Landsdekkende regnskap

9815 Vadsø  
Telefon: 78 94 15 50  
Telefaks: 78 95 33 52



## Statens vegvesen

ABO Plan & Arkitektur AS  
v/ Åshild Blomdal  
Pb. 291  
5203 OS

Behandlande eining:  
Region vest

Sakshandsamar/innvalsnr:  
Unn Jenny Utne Kvam - 55516243

Vår referanse:  
2011/095394-037

Dykkar referanse:

Vår dato:  
05.02.2015

### **Framlegg til justering av planfri kryssing - Reguleringsplan - gnr. 10 bnr. 85 m.fl. - Holme - Meland kommune**

Vi viser til e-post med vegteikningar motteken 13.01.2015. Det er no arbeida vidare frå tiltakshavar si side med skissa som vart drøfta på møte hos Meland kommune 19.11.2014.

Det er framleis ikkje talfesta kva sikt og horisontalkurveradiar som kan oppnåast for gang- og sykkelvegen. Statens vegvesen v/ Vegavdeling Hordaland er imidlertid, med bakgrunn i dei nyaste vegteikningane, innstilt på å sende ein søknad om fråvik frå vegnormalen til fråviksnemnda i Region vest i denne saka for fråvik knytt til

- krav til stoppsikt på gang- og sykkelveg (figur E29 i N100)
- krav til sikt mellom to kryssande gang- og sykkelveg (figur E32 i N100)
- krav til minste horisontalkurveradius for gang- og sykkelveg (40 m, jf N100 s 125)

I søknaden må det opplystast om kva sikt og horisontalkurveradiar det vert planlagt for.

Dersom det er andre normalkrav som ikkje er oppfylte, er det tiltakshavar sitt ansvar å dokumentere dette. Vegavdelinga tek per i dag ikkje stilling til eventuelle andre fråvik enn dei tre som er nemnde ovanfor.

Saksgangen ved fråviksøknader er at skjema for søknad om fråvik skal fyllast ut av tiltakshavar, og sendast vegavdelinga i Statens vegvesen for vurdering. Søknader som vegavdelinga stiller seg bak vert sendt vidare til fråviksnemnda.

Skjema for søknad om fråvik vert ettersendt per e-post.

#### **Andre merknader**

Når det gjeld andre detaljar i dei reviderte teikningane vi har motteke, har vi tidlegare peika på at byggegrensa ikkje kan regulerast nærare vegen/krysset enn det som er vist i vedteken plan for området. Det er også trong for å sjå arealbruken inne på forretningsområdet i samanheng med avkøyrsla frå fv 247 Melandsvegen, jamfør referat frå møtet 19.11.2015.

Postadresse  
Statens vegvesen  
Region vest  
Askedalen 4  
6863 Leikanger

Telefon: 02030  
Telefaks: 57 65 59 86  
firmapost-vest@vegvesen.no  
Org.nr: 971032081

Kontoradresse  
Spelhaugen 12  
5147 FYLLINGSDALEN

Fakturaadresse  
Statens vegvesen  
Landsdekkende regnskap

9815 Vadsø  
Telefon:  
Telefaks:

Når det gjeld plankartet elles, har vi følgjande merknader:

- Det må regulerast mellombels anleggsområde på begge sider av fv 564
- Murar og sikringsgjerde bør ikkje regulerast juridisk bindande i plankartet. Dette er detaljar som bør visast i vegteikningane, men ikkje låsast juridisk i plankartet. Då kryssområdet er trengt, er det viktig at det er rom for å gjere mindre tilpassingar knytt til desse detaljane ved utarbeiding av byggeplan. Vi vurderer m.a. at sikta på gang- og sykkelvegen ved undergangen kan utbetrast noko ved å gjere tilpassingar i avrundinga på murane.
- Annan veggrunn bør regulerast til *Annan veggrunn – grøntareal*. Arealføremålet *Annan veggrunn – teknisk anlegg* har eit meir avgrensa innhald og gjev lite rom for tilpassingar i byggeplanfasen.

Plan og forvaltning - Bergen  
Med helsing

*Sindre Lillebø*  
Sindre Lillebø  
seksjonssjef

*Unn Jenny Utne Kvam*  
Unn Jenny Utne Kvam

Kopi: Meland kommune (e-post)



## Statens vegvesen

ABO Plan & Arkitektur AS  
Pb. 291  
5203 OS

Behandlande eining:  
Region vest

Sakshandsamar/innvalnsnr:  
Unn Jenny Utne Kvam - 55516243

Vår referanse:  
2011/095394-045

Dykkar referanse:

Vår dato:  
27.08.2015

### Fråvikssøknad og justert plankart – Reguleringsplan – Holme forretningsområde - gnr. 10 bnr. 85 m.fl. - Meland kommune

Vi viser til tidlegare korrespondanse om fråvik i samband med regulering av kulvert for gang- og sykkeltrafikk, møte 10.08.2015 og justert plankart motteke 19.08.2015.

Vi har no fått tilbakemelding på fråvikssøknaden. Fråviksgruppa ber om at det vert gjennomført ei risikovurdering av tiltaket. Dersom det kjem fram at det er akseptabel risiko knytt til tiltaket, kan søkjar sjå på søknadane som godkjende.

Ei risikovurdering må gjennomførast i samsvar med vår handbok V721 *Risikovurdering i vegtrafikken*. Vi ber om å få risikovurderinga tilsendt for vurdering når den er gjennomført.

I samband med denne saka fekk vi spørsmål om kva siktkrav som skulle leggest til grunn for fotgjengarar (ved trappene). Vi rådde til å ta utgangspunkt i krav til sikt i samband med kryssingspunkt, jamfør handbok V127 *Gangfeltkriterier*. Vi bad om tilbakemelding på dette frå fråviksgruppa, og har fått avklara at det ikkje er normalkrav for sikt for fotgjengarar, berre syklistar. Risikovurderinga kan derfor avgrensast til å ta føre seg fråvik som gjeld horisontalkurveradius og sikt langsetter gang- og sykkelveg. Kopi av dei aktuelle fråvikssøknadane som det må gjennomførast risikovurdering av, er lagt ved.

Når det gjeld revidert plankart, er endringane i samsvar med dei innspela som vart drøfta i møte. Universell utforming av fortau inne i forretningsområdet er ikkje sikra i plankartet. Vi legg til grunn at det vert stilt krav om dette i føresegnene.

Plan og forvaltning - Bergen  
Med helsing

*Sindre Lillebø*

Sindre Lillebø  
seksjonssjef

*Unn Jenny Utne Kvam*  
Unn Jenny Utne Kvam

Postadresse  
Statens vegvesen  
Region vest  
Askedalen 4  
6863 Leikanger

Telefon: 02030  
Telefaks: 57 65 59 86  
firmapost-vest@vegvesen.no

Org.nr: 971032081

Kontoradresse  
Spelhaugen 12  
5147 FYLLINGSDALEN

Fakturaadresse  
Statens vegvesen  
Landsdekkende regnskap

9815 Vadsø  
Telefon:  
Telefaks:


# Søknad om fråvik

## Del 1 - søknadsdel

Her finn du [brukerveiledning](#)

Skal fyllast ut av fråvikssøkar

<b>Region:</b>	Vest
<b>Fråvikssøkar:</b>	Plan og forvaltning Bergen
<b>Dato:</b>	06.08.2015

<b>Prosjekt(namn):</b> Meland kommune - Holme forretningsområde, reguleringsendring gnr. 10 bnr. 85 mfl.				
Vegnr:	Fv 564	Parsell:	Rosslandsvegen	
ÅDT (i dag):	2600	Fartsgrense:	60 km/t	
ÅDT (dim. år):	Tekst her	Tegn.nr:	C-001	
Objektnr <sup>1</sup> :	Tekst her	Dim.klasse:	Tekst her	
SVEISnr.:	Tekst her			
<b>Handbok/dokument det vert søkt fråvik frå:</b>				
Handbok N100:	<input checked="" type="checkbox"/>	Handbok N101:	<input type="checkbox"/>	
Handbok N200:	<input type="checkbox"/>	Handbok N300:	<input type="checkbox"/>	
Handbok N301:	<input type="checkbox"/>	Handbok N302:	<input type="checkbox"/>	
Handbok N303:	<input type="checkbox"/>	Handbok N400:	<input type="checkbox"/>	
Handbok N500:	<input type="checkbox"/>	Handbok R510:	<input type="checkbox"/>	
Eventuelle rundskriv:	Tekst her			
<b>Krav det vert søkt fråvik frå (Det skal berre vera eitt vegnormalkrav per fråviksskjema):</b>				
Krav: Radius 40m <b>N100 - E.2.2</b> Min. horisontalkurveradius for gang- og sykkelveg bør være 40 meter. Gitt i Statens vegvesens håndbok N100.	Skildring, grunngjeving:	Mynde til fråvik <sup>2</sup>		
	 <p>I samband med omregulering av gjeldande plan for Holme forretningsområde i Meland kommune er det planlagt gangkulvert under Fv 564 for å sikre trygg kryssing av fylkevegen for mjuke trafikantar. Det skal etablerast dagligvarebutikk innanfor planområdet.</p> <p>På grunn av dagens situasjon i planområdet, der vegen og forretningsområde allereie er etablert, er arealet som kan nyttast til undergang med tilhørande gang og sykkelveg avgrensa. Kryssområdet er trangt og det har vore teikna ut fleire framlegg til løysingar for plassering av undergangen for å oppnå krava i vegnormalen så langt det ler seg gjere. Det har ikkje vore mogleg å finne ei løysing utan avvik frå vegnormalen.</p> <p><u>Kurve med radius 5,0 m er planlagt ved begge munningane til kulvert under Fv 564.</u> Denne kurven er valgt for å unngå større inngrep i sideterrenget/areala langs fylkesvegen.</p> <p>For å tilfredsstillere krav til min. horisontalkurveradius må gang- og sykkelvegen</p>	Region	Vegdir.	Fylkesk.
		<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>

<sup>1</sup> Gjeld bruer.

<sup>2</sup> Sjå kvalitetssystemet for nærmare beskriving av myndighetsroller.

	<p>rettast betydelig ut i forhold til kulverten. Nord for fylkesvegen er eksisterande næringsbygg med tilhøyrande parkeringsplass til hinder for å kunne endre kurvaturen. Sør for fylkesvegen vil ein auke av radien medføre vesentlig større inngrep i sideterreng (fjellskjæring).</p> <p>Med bakgrunn i det overståande vert det søkt om fråvik frå geometrikrav.</p>			
--	---	--	--	--

**Vedlegg som fylgjer saka:** Teikning C-001

**Konsekvensar av fråvik:**

Konsekvensar for teknisk kvalitet:  
Ingen

Konsekvensar for tryggleik (for trafikantane):  
Vil medføre redusert sikt på gang- og sykkelveg.

Konsekvensar for miljøkvalitet, ytre miljø og HMS:  
Ingen

Konsekvensar for estetikk:  
Ingen

Konsekvensar for økonomi:  
Dersom bær-krav for geometri skal tilfredsstillast vil det medføre vesentlege tilleggskostnader knytt til konstruksjon og mengder.

Konsekvensar for framkomst (Gjeld alle køyretøy- og trafikantgrupper):  
Syklistar vil måtte bremse for å klare svingen inn i kulvert. Det vil difor ikkje bli mogleg å ha høg fart gjennom kulverten.

Andre konsekvensar:  
Tekst her

**Forslag til avbøtande tiltak:**

Tekst her

*Skal fyllast ut av prosjekteigar*

**Prosjekteigar:** Unn Jenny Utne Kvam  
**Dato:** 06.08.2015

Prosjekteigar er samd i søknaden



# Søknad om fråvik

## Del 1 - søknadsdel

Her finn du [brukerveiledning](#)

Skal fyllast ut av fråvikssøkar

**Region:** Vest  
**Fråvikssøkar:** Plan og forvaltning  
 Bergen  
**Dato:** 06.08.2015

<b>Prosjekt(namn):</b> Meland kommune - Holme forretningsområde, reguleringsendring gnr. 10 bnr. 85 mfl.									
<b>Vegnr:</b> Fv 564	<b>Parsell:</b> Rosslandsvegen	<b>Objektnr<sup>1</sup>:</b>	Tekst her						
<b>ÅDT (i dag):</b> 2600	<b>Fartsgrense:</b> 60 km/t	<b>Dim.klasse:</b>	Tekst her						
<b>ÅDT (dim. år):</b> Tekst her	<b>Tegn.nr:</b> C-001	<b>SVEISnr.:</b>	Tekst her						
<b>Handbok/dokument det vert søkt fråvik frå:</b>									
Handbok N100: <input checked="" type="checkbox"/>	Handbok N101: <input type="checkbox"/>	Handbok N200: <input type="checkbox"/>	Handbok N300: <input type="checkbox"/>						
Handbok N301: <input type="checkbox"/>	Handbok N302: <input type="checkbox"/>	Handbok N303: <input type="checkbox"/>	Handbok N400: <input type="checkbox"/>						
Handbok N500: <input type="checkbox"/>	Handbok R510: <input type="checkbox"/>	Eventuelle rundskriv:	Tekst her						
<b>Krav det vert søkt fråvik frå (Det skal berre vera eitt vegnormalkrav per fråviksskjema):</b>									
<p>Krav: Stoppsikt 40m  <b>N100 - E.2.3 Siktkrav</b>                      Stoppsikt for syklende skal være i henhold til figur E.29.</p>  <p>Ved fall over 5 % skal stoppsikt for 5 % benyttes.</p>	<p>Skildring, grunngjeving:</p>  <p>I samband med omregulering av gjeldande plan for Holme forretningsområde i Meland kommune er det planlagt gangkulvert under Fv 564 for å sikre trygg kryssing av fylkevegen for mjuke trafikantar. Det skal etablerast dagligvarebutikk innanfor planområdet.</p> <p>På grunn av dagens situasjon i planområdet, der vegen og forretningsområde allereie er etablert, er arealet som kan nyttast til undergang med tilhøyrande gang og sykkelveg avgrensa. Kryssområdet er trangt og det har vore teikna ut fleire framlegg til løysingar for plassering av undergangen for å oppnå krava i vegnormalen så langt det ler seg gjere. Det har ikkje vore mogleg å finne ei løysing utan avvik frå vegnormalen.</p> <p><u>Det er planlagt for stoppsikt 10,1 m langsetter gang- og sykkelveg gjennom kulvert under Fv 564.</u> Stoppsikt under normalkravet kjem som følge av kurveradien på 5 meter inn mot kulverten. Denne kurven er valgt for å unngå</p>	<p>Mynde til fråvik<sup>2</sup></p> <table border="1"> <thead> <tr> <th>Region</th> <th>Vegdir.</th> <th>Fylkesk.</th> </tr> </thead> <tbody> <tr> <td><input type="checkbox"/></td> <td><input type="checkbox"/></td> <td><input type="checkbox"/></td> </tr> </tbody> </table>		Region	Vegdir.	Fylkesk.	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>
	Region	Vegdir.	Fylkesk.						
<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>							

<sup>1</sup> Gjeld bruer.

<sup>2</sup> Sjå kvalitetssystemet for nærmare beskriving av myndighetsroller.

	<p>større inngrep i sideterranget areaa langs fylkesvegen.</p> <p>Minimum stoppsikt er markert på illustrasjon med grønn farge.</p> <p>For å tilfredsstille krav til stoppsikt må gang- og sykkelvegen rettast betydelig ut i forhold til kulverten. Nord for fylkesvegen er eksisterande næringsbygg med tilhøyrande parkeringsplass til hinder for å kunne endre kurvaturen. Sør for fylkesvegen vil ein auke av radlen medføre vesentlig større inngrep i sideterranget (fjellskjæring).</p> <p>Med bakgrunn i det overståande vert det søkt om fråvik frå krav til stoppsikt.</p>			
--	---	--	--	--

**Vedlegg som fylgjer saka:** Teikning C-001

**Konsekvensar av fråvik:**

Konsekvensar for teknisk kvalitet:

Ingen

Konsekvensar for tryggleik (for trafikantane):

Auka risiko for møteulukker sykkel-fotgjengar og sykkel-sykkel.

Konsekvensar for miljøkvalitet, ytre miljø og HMS:

Ingen

Konsekvensar for estetikk:

Ingen

Konsekvensar for økonomi:

Dersom skal-krav for stoppsikt skal tilfredsstilles vil det medføre vesentlige tilleggskostnader knytt til konstruksjon og mengder.

Konsekvensar for framkomst (Gjeld alle køyretøy- og trafikantgrupper):

Tekst her

Andre konsekvensar:

Tekst her

**Forslag til avbøtande tiltak:**

Tekst her

*Skal fyllast ut av prosjekteigar*

**Prosjekteigar:** Unn Jenny Utne Kvam

**Dato:** 06.08.2015

Prosjekteigar er samd i søknaden



# Søknad om fråvik

## Del 1 - søknadsdel

Her finn du [brukerveiledning](#)

Skal fyllast ut av fråvikssøkar

**Region:** Vest  
**Fråvikssøkar:** Plan og forvaltning Bergen  
**Dato:** 06.08.2015

<b>Prosjekt(namn):</b> Meland kommune - Holme forretningsområde, reguleringsendring gnr. 10 bnr. 85 mfl.									
Vegnr:	Fv 564	Parsell:	Rosslandsvegen						
Objekt nr <sup>1</sup> :	Tekst her								
ÅDT (i dag):	2600	Fartsgrense:	60 km/t						
Dim.klasse:	Tekst her								
ÅDT (dim. år):	Tekst her	Tegn.nr:	C-001						
SVEISnr.:	Tekst her								
<b>Handbok/dokument det vert søkt fråvik frå:</b>									
Handbok N100:	<input checked="" type="checkbox"/>	Handbok N101:	<input type="checkbox"/>						
Handbok N200:	<input type="checkbox"/>	Handbok N300:	<input type="checkbox"/>						
Handbok N301:	<input type="checkbox"/>	Handbok N302:	<input type="checkbox"/>						
Handbok N303:	<input type="checkbox"/>	Handbok N400:	<input type="checkbox"/>						
Handbok N500:	<input type="checkbox"/>	Handbok R510:	<input type="checkbox"/>						
Eventuelle rundskriv:	Tekst her								
<b>Krav det vert søkt fråvik frå (Det skal berre vera eitt vegnormalkrav per fråviksskjema):</b>									
<p>Krav: Stoppsikt 40m</p> <p><b>N100 - E.2.3 Siktkrav</b></p> <p>Stoppsikt for syklende skal være i henhold til figur E.29.</p>  <p>Ved fall over 5 % skal stoppsikt for 5 % benyttes.</p>	<p>Skildring, grunngjeving:</p>  <p>I samband med omregulering av gjeldande plan for Holme forretningsområde i Meland kommune er det planlagt gangkulvert under Fv 564 for å sikre trygg kryssing av fylkevegen for mjuke trafikantar. Det skal etableras dagligvarebutikk innanfor planområdet.</p> <p>På grunn av dagens situasjon i planområdet, der vegen og forretningsområde allereie er etablert, er arealet som kan nyttast til undergang med tilhøyrande gang og sykkelveg avgrensa. Kryssområdet er trangt og det har vore teikna ut fleire framlegg til løysingar for plassering av undergangen for å oppnå krava i vegnormalen så langt det lèt seg gjere. Det har ikkje vore mogleg å finne ei løysing utan avvik frå vegnormalen.</p> <p>Det er planlagt for stoppsikt <b>9,6 m langsetter gang- og sykkelveg gjennom kulvert under Fv 564</b>. Stoppsikt under normalkravet kjem som følge av kurveradien på 5 meter inn mot kulverten. Denne kurven er valgt for å unngå</p>	<p>Mynde til fråvik<sup>2</sup></p> <table border="1"> <thead> <tr> <th>Region</th> <th>Vegdir.</th> <th>Fylkesk.</th> </tr> </thead> <tbody> <tr> <td><input type="checkbox"/></td> <td><input type="checkbox"/></td> <td><input type="checkbox"/></td> </tr> </tbody> </table>		Region	Vegdir.	Fylkesk.	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>
		Region	Vegdir.	Fylkesk.					
<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>							

<sup>1</sup> Gjeld bruer.

<sup>2</sup> Sjå kvalitetssystemet for nærmare beskriving av myndighetsroller.

	<p>større inngrep i sideterrenger areala langs fylkesvegen.</p> <p>Minimum stoppsikt er markert på illustrasjon med grønn farge.</p> <p>For å tilfredsstille krav til stoppsikt må gang- og sykkelvegen rettast betydelig ut i forhold til kulverten. Nord for fylkesvegen er eksisterende næringsbygg med tilhørende parkeringsplass til hinder for å kunne endre kurvaturen. Sør for fylkesvegen vil ein auke av radfen medføre vesentlig større inngrep i sideterrang (fjellskjæring).</p> <p>Med bakgrunn i det overstående vert det søkt om fravik frå krav til stoppsikt.</p>			
<b>Vedlegg som fylgjer saka:</b> Teikning C-001				
<b>Konsekvensar av fråvik:</b>				
<b>Konsekvensar for teknisk kvalitet:</b> Ingen				
<b>Konsekvensar for tryggleik (for trafikantane):</b> Auka risiko for møteulukker sykkel-fotgjengar og sykkel-sykkel.				
<b>Konsekvensar for miljøkvalitet, ytre miljø og HMS:</b> Ingen				
<b>Konsekvensar for estetikk:</b> Ingen				
<b>Konsekvensar for økonomi:</b> Dersom skal-krav for stoppsikt skal tilfredsstilles vil det medføre vesentlige tilleggskostnader knytt til konstruksjon og mengder.				
<b>Konsekvensar for framkomst (Gjeld alle køyretøy- og trafikantgrupper):</b> Tekst her				
<b>Andre konsekvensar:</b> Tekst her				
<b>Forslag til avbøtande tiltak:</b> Tekst her				

Skal fyllast ut av prosjekteigar

**Prosjekteigar:** Unn Jenny Utne Kvam  
**Dato:** 06.08.2015

Prosjekteigar er samd i søknaden





## Statens vegvesen

ABO Plan & Arkitektur AS  
Postboks 291  
5203 OS

Åshild Blomdal

Behandlande eining:  
Region vest

Sakshandsamar/telefon:  
Unn Jenny Utne Kvam /  
55516243

Vår referanse:  
16/63506-2

Dykkar referanse:

Vår dato:  
18.05.2016

### Risikovurdering for regulert undergang– Reguleringsplan – gnr. 10 bnr. 85 m.fl. – Holme

Vi viser til e-post med vedlagt risikovurdering, motteken 22.04.2016.

Risikovurderinga er utarbeida med bakgrunn i førespurnad frå fråviksnemnda i Region vest, i samband med handsaming av fråvikssøknad.

Vegavdeling Hordaland har ikkje vesentlege merknader til risikovurderinga. Vi vurderer at det er akseptabel risiko knytt til tiltaket. Fråvikssøknaden er såleis å sjå som godkjent.

Når det gjeld risikovurderinga sine framlegg til avbøtande tiltak, så vil oppmerking av delelinje i vegbanen kunne inngå som del av skilt- og oppmerkingsplanen i samband med byggeplan for tiltaket. Dette er eit tiltak som fleire stader vert nytta i tilknytning til eldre/eksisterande kulvertar med dårlege siktilhøve, og vil også kunne verte vurdert i denne saka. Tilfredsstillande brøyting og fjerning av grus vil vere eit tiltak knytt til drift av veganlegget. Dette vil verte følgd opp av vegseksjonen/driftsentreprenør hos oss.

Plan og forvaltning Bergen  
Med helsing

Sindre Lillebø  
seksjonssjef

Unn Jenny Utne Kvam

Postadresse  
Statens vegvesen  
Region vest  
Askedalen 4  
6863 LEIKANGER

Telefon: 02030  
firmapost@vegvesen.no  
Org.nr: 971032081

Kontoradresse  
Nygårdsgaten 112  
5008 BERGEN

Fakturaadresse  
Statens vegvesen  
Landsdekkende regnskap  
9815 Vadsø

Kopi  
Meland kommune, Postboks 79, 5906 FREKHAUG

*Dokumentet er godkjent elektronisk og har difor ingen handskrivne signaturar.*